



Lars-Fredrik Sæthre  
Skarsvegen 291  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/3207 - 18/23976

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:  
09.08.2018

## Godkjent søknad endring - gbnr 145/26 Fosse indre

**Administrativt vedtak. Saknr:** 401/18

**Tiltakshavar:** Iris Marie Stølan og Lars Fredrik Sætre

**Søknadstype:** Søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova (pbl.) § 19-1

### Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av gitt løyve til oppføring av garasje, jf. vedtak datert 09.11.2017. Endringa gjeld endra plassering av garasje, med plassering 0,45 meter frå nabogrense. Det vert elles vist til søknad motteken

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 09.08.2018 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

### Planstatus

Eigedommen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert til bustadføremål.

### Dispensasjon

Plan- og miljøutvalet i Lindås har i møte 30.08.2017 gjeve dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen 2011-2023 sin arealdel for oppføring av garasje.

### Nabovarsel

Tiltaket ble ved handsaming av løyve nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

### Plassering

Plassering av tiltaket er vist i innmålingsrapport datert 29.06.2018.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 0,45 meter. Eigar av gnr. 145, bnr. 7 har i dokument datert 07.08.2018 samtykka til at tiltaket kan plasserast 0,45 meter frå nabogrensa.

Tiltaket er plassert innanfor byggegrense i plan.



**Tilkomst, avkjørsle og parkering**

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst i samsvar med pbl. § 27-4.

**VURDERING:****Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

**Tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjer si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

**VEDTAK:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. Pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til endra plassering av garasje på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserat som vist i innmålingsrapport datert 29.06.2018.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «17/3207»

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Byggmester Skare AS  
Lars-Fredrik Sæthre

Skare 5912  
Skarsvegen 291 5911

SEIM  
ALVERSUND